



Ryggjavegen



Av innhaldet:

- *Ny tunnel i Jøssingfjord*
- *Nye gang- og sykkelvegar*
- *Nytt frå maskinavdelinga*



Nr. 2 — mai 1986
13. årgang

Rygjavegen

Bedriftsorgan for Statens vegvesen i Rogaland.

Redaktør: Harald Sel.

Redaksjonsekretær: Kenneth Vikse.

Redaksjonsråd: Bodil Dam Bustad, Georg Eie, Tormod Nag, Ole Tamburstuen og Torleiv Tveit.

INNHALD:

Aktuell kommentar s. 2
Biltilsynet inn	
i EDB-alderen s. 3
Ny tunnel i Jøssingfjord s. 4
Aldersgrenser	
i Statens vegvesen s. 5
Storlygaren s. 5
Gang- og sykkelveg	
på Helleland s. 6
Nytt fra maskinavdelingen	.. s. 7
Samferdselsstyret	
i Rogaland s. 8
Arbeidstrenings-verksted	
etablert s. 9
Intervju med Leiv Kvæstad	.. s. 10
Våg-Sunfør mot	
fullføring s. 11
Veteranbilar	
på Rogalands-vegane	.. s. 11
Teknisk spalte s. 12
Kven er kven	
i vegvesenet? s. 13
Samferdselskomiteen i Stortinget	
på besøk s. 14
Personalia s. 15
Debatt s. 15
Mi mening s. 15
Veg til den nye	
flyplass-terminalen s. 16
Gang- sykkelveg gjennom	
Skjæringen s. 17
Dekkelegging i 1986 s. 17
Aksjon utforkjørings-	
ulykker s. 17
Andakt s. 17
Gjestekommentaren s. 18
Tilitsmannens spalte s. 19

Forsidefoto: Ein ny dekkeleggings-sesong er i gang.

Bidraga står for innsendaren si rekning, og treng ikkje gje uttrykk for vegvesenet sitt syn.

Ettertrykk er tillatt når kjelde blir oppgitt.

Sats og trykk: Allservice A/S.

Layout: Harald Sel og Kenneth Vikse.

Aktuell kommentar:

Av driftssjef Arne Njå

Delegering og desentralisering

Som i mange andre bedrifter er vi også i Statens Vegvesen inne i en utvikling med delegering og desentralisering. Det skjer en overføring av oppgaver og ansvar fra Vegdirektoratet til vegkontorene. I fylkene er man opptatt av overføring av oppgaver fra vegkontorene til vegstasjonene.

I Rogaland ble det for noen år siden gjennomført en ordning med delegering av oppgaver og ansvar i arbeidet med teknisk kvalitetskontroll. I den senere tid har vi innført en ny organisasjonsordning for anleggsavdelingen.

Nyordningen medfører bl.a. en overføring av oppgaver og ansvar fra distriktslederene ved vegkontoret til nyetablerte stillinger for anleggsledere utenfor vegkontoret.

I maskinavdelingen har vi fått en tilsvarende ordning med maskinledere som har fått seg tildelt arbeidsoppgaver og ansvar som tidligere ble utført av folk på vegkontoret. Ved delegering må klarlegges plassering av oppgaver og ansvar.

For vedlikeholdsavdelingen arbeides det med ny organisasjonsplan. I den forbindelse er vi nå opptatt av arbeidsfordelingen mellom vegkontor og vedlikeholdstjenesten ved vegstasjonene. For både anleggs- og vedlikeholdsavdelingen er vi nå opptatt av hvordan vi skal fordele ansvar mellom våre formenn og oppsynstjeneste. I denne anledning har vi nylig utpekt en prosjektgruppe som skal komme med forslag. Delegering stiller krav både til den som delegerer og til den som får nye oppgaver og ansvar.

Vegkontoret står foran en stor oppgave med å avklare mål og rammer og sørge for overordnede planer slik at vegstasjonene får best mulig grunnlag for sine driftsplaner og drift. Videre blir det en viktig oppgave å få i stand og satt i verk nødvendige retningslinjer og rutiner for en delest drift.

Til folkene ute i driften som skal ta i mot nye oppgaver vil det stilles nye krav til kompetanse. Den viktigste hensikten med delegering og desentralisering er å øke effektiviteten.

I den forbindelse står vi foran store utfordringer både på vegkontoret, på vegstasjonene og i driften forøvrig. Det kan bli særlig viktig med samarbeid, slik at vi kan oppnå planlagt produksjon med hensyn til mengde, pris og kvalitet.



Redaksjonen avslutta 7. april

Stoff til neste nr. må leverast innan 3. juni

Biltilsynet i Stavanger inn i EDB-alderen:

Ein lang og hard «kamp»

Tekst og foto: Kenneth Vikse

Framskritt er vel noko dei fleste av oss ser positivt på. At framskritt og kan ha negative sider er det heller ingen som vil nekte for. I alle fall ingen hjå biltilsynet i Stavanger.

Innføringa av data i denne etaten har av og til virka som ein lang og hard «kamp» for dei tilsette.

Det heile tok til hausten 1984, då eigarskifte av køyretøy vart ført inn på dataprogrammet ACCESS. Våren 1985 følgde førarkortseksjonen etter.

Seinare har vel og nokre av dei største fordelane ved innføringa av EDB vist seg nett her. Ein reknar med at ein kanskje kan ha tent bort i mot ei halv stilling på bruken av data i førarkortseksjonen. Ein slik fordel er nett det ein hadde håpa på, og for å føre dette vidare vil ein etterkvart ta i bruk EDB på dei fleste områda innan biltilsynet sitt arbeid.


Men ACCESS programmet vart fort for tungvint og etter berre eit år, altså hausten 1985, vart dei nevnde rutinanane overførte til eit enklare program, FICS 5.

Etter eit år med ACCESS var det klart at dette programmet byrja å virka kjend for dei fleste som hadde sett seg inn i det.

No skulle altså eit nytt program er-



Betjeninga av kundar går mykje raskare enn før. Ein slepp å leita gjennom arkivmapper o.l. då ein har dataskjermen rett ved seg.



Reidun Lanne ved ein av dataterminalene. Folk som ringer inn spørsmål får svarene i løpet av sekunder takket være innføring av elektronisk databehandling.

statta det «gamle» og oppe i alt dette måtte sjølvsagt alt det andre arbeidet gå sin gang. Når så oppløringa i begge programma hadde vore dårleg, var det klart at dette skapte bry. Det kom folk frå biltilsynet i Bergen, som programmerte inn det nye programmet, men så snart dei var dregne tilbake og kontoret i Stavanger sine eigne folk skulle setja seg betre inn i programmet, melde nye problem seg.

Stasjonsjef Olav Aardalsbakke vil difor gje ekstra honnør til alle dei som fekk det til å gå såpass bra som det gjorde. Særskilt Lise Bruder og Aasne Tveit, som har stått på same kva som har kome i vegen, og fått problema meir inn på livet.

Det at oppløringa hadde vore så minimal på førehand, gjorde sitt til at det ikkje var like lett for dei to å forklara ting dei sjølv ikkje kunne vera sikre på.

No har det vore kurs for innføring i FICS 5 programmet, der fire frå biltilsynet i Stavanger tok del, og det nye opplegget ser ut til å fungere fint.

Det står òg att berre ein ting, det viktigaste. Å få datamaskinen oppgradert frå Standard- til CX versjonen. Den ein nyttar i dag er nemleg alt for treg til å kunne få unna alt arbeidet i eit akseptabelt tempo. Ja, det var faktisk så gale ei stund at ein vuderte å gå attende til dei gamle rutinanane med manuell handsaming.

Å få maskinen oppgradert vil koma på 170 000 kr. Dersom auken i til døme

registrering av bilar held fram, kjem ein ikkje utanom ein ny maskin.

I 1984 vart 124 000 bilar registrerte hjå biltilsynet i Stavanger. I 1985, 134 000, med andre ord ein auke på 10 000 bilar. For enno betre å kunne illustrera kor høge desse tala er, kan ein nevna at det i februar i år vart registrert **92 nye bilar pr. dag, og 206 totalt.** Det seiar seg sjølv at ein med slike tal og vil trenga ein tilsvarande auke i kapasiteten.

Ein har og vore inne på tanken om å samarbeida med avdelingane i Egersund og Sandnes, men noko slikt kan i allefall ikkje koma på tale før ein får ein ny maskin.

Trass i alt dette — innføringa av EDB i biltilsynet sitt arbeid, blei sjølvsagt gjort for å skapa ei positiv utvikling, i takt med tiden, og dei mange positive sidene har og vist seg. For å ta eit eksempel. Tidlegare kunne det liggja opp til 2 000 omregistreringssaker på kontoret, som ikkje var handsama. I dag er alle slike under full kontroll til ein kvar tid, ved hjelp av data-anlegget. Arbeidsoperasjonar der ein før måtte leite i gjennom arkivmapper etter dokumenter som kanskje var blitt lagt feil, kan i dag utførast ved berre å få alle ønska opplysningar ut på skjerm. Er opplysningane gale er det berre å gå rett inn på skjermen og rette dei. Alt dette på kortare tid enn før, sjølv med maskinen som ikkje arbeider fort nok.

Ny tunnel i Jøssingfjord

Tekst: Ove Frøyttlog



Det var en gang Nå er det bare brua ved Åna-Sira som ikke holder høyden 4,60 m på rv.44. Den er nemlig bare 3,80 m. (Foto: Harald Sel.)

Tunnelene i Jøssingfjord har lenge vært flaskehalsen på rv.44 med en fri høyde på 2,9 m. Disse tunnelene ble bygget i 1921. Transporter fra Titanias gruver, Sokndal bilruter og andre

brukere av vegen er blitt sterkt hindret p.g.a. for liten høyde.

Etter henvendelser fra mange brukere, bestemte vedlikeholdsavdelingen for å strosse ut tunnelene. Etter

nærmere vurdering viste dette seg å være en dårlig teknisk løsning til forholdsvis høye kostnader. Det ble så bestemt å bygge ny tunnel i en bue lengre inn i fjellet, med en lengde på 245 m (45 m² profil med to kjørebane). I tillegg skulle den nederste tunnelen strosses ut. (Lengde 65 m.)

Arbeidet startet opp den 3. desember 1985, og selve tunneldrivingen var ferdig den 10. februar 1986. Tunnelen ble drevet med egne arbeidere fra område 7, pluss to mann fra olje-grusgjengen. En 3 boms tunnelrigg ble leiet av ing. F. Selmer A/S sammen med to førere.

De fleste hadde liten erfaring fra tunneldrift, så det var en spent gjeng som startet opp den 3. desember. Men arbeidet gikk meget greit unna. De helt store problemer hadde vi ikke, takket være en **innsatsvillig og dyktig arbeidsgjeng**, og godt fjell. Kuldeperioden så en stund ut til å lage problemer med vanntilførselen, men med tilstrekkelig gjennomstrømming løste dette seg.

Det ble drevet med 16 fots stenger, med 45 mm stift kroner. Hver salve hadde ca. 360 bormeter. Hele tunnelen ble sprengt med noneltnere. (Ikke elektrisk tenning.) Etter en ukes drift tok det ca. 2,5 timer å bore og lade en salve.



Vegvesenets arbeidere, innleide sjåførere og entreprenører sammen med anleggsledere og vedlikeholdsavdelingens ledelse samlet til festlig lag på Soknatun etter gjennomslaget i tunnelen.

Nederst fra v.: Paul Rindhølen (F. Selmer), Odd Hellenen, Henry Lode (sjåfør), Frank Mysse (sjåfør), Ove Frøyttlog, Henry Nesvold og Ted Ove Slettebø.

Øverst fra v.: Geir Navrestad, Arild Stølen, Sigvart Rinden, (bak) Odd Rindhølen (F. Selmer), (f) Stein Oftedal, Øyvind Hamre, Torbjørn Hellenen, Tor A. Andreassen, Steinar Svalestad, Alv Moi, Roy Johannessen og Sigbjørn Årrestad (sjåfør). (Foto: Harald Sel.)

Aldersgrenser i Statens vegvesen

Av Torstein Rein Larsen

Det er fastsatt aldersgrenser for alle stillinger som er innlemmet i Statens Pensjonskasse.

Den alminnelige aldersgrense er 70 år, lik for kvinner og menn.

Lavere aldersgrenser er fastsatt for mange stillinger der det stilles særlige fysiske eller psykiske krav til innehaveren.

Etter aldersgrenseloven plikter man å fratre senest den siste dag i den måneden aldersgrensen nås.

De enkelte aldersgrenser

- Vegsjef, driftsjef, plansjef, biltilsynsjef, alle ingeniører og merkantile på vegkontor og i biltilsynet — **70 år**
- Overingeniører, avdelingsingeniører og oppsynsmenn, samt inspektører i biltilsynet — **68 år**
- Ansatte i vegarbeidsdriften — **65 år**

Fratredelse før aldersgrensen

Når alder og den tjenestetid som gir rett til pensjon i Statens Pensjonskasse tilsammen er minst 85 år, kan en gå av med alderspensjon inntil 3 år før stillingens aldersgrense.

Den som har fylt 67 år, kan i alle tilfelle fratre med alderspensjon selv om stillingens aldersgrense er høyere.

I vegarbeidsdriften har arbeiderne rett og plikt til å fratre sin stilling ved nådd aldersgrense. Men vegadministrasjonen kan i samråd med tillitsmannsutvalget, tillate arbeideren å fortsette i tjenesten utover aldersgrensen hvis han fortsatt fyller de krav stillingen forutsetter. (Fra 1. januar 1974 ble aldersgrensen senket fra 68 år til 65 år.) Vedkommende vil i denne tiden fortsatt opparbeide pensjonsgivende tjenestetid.

Hvor stor blir pensjonen?

Alderspensjon utgjør 66% av pensjonsgrunnlaget. Full pensjon utbetales når tjenestetiden er minst 30 år. Er tjenestetiden mindre enn 30 år avkortes pensjonen forholdsmesig.

Eksempel full pensjon:

30 år tjenestetid, lønn kr 100 000,—
 kr 100 000,— × 66% × 30 år = kr 66 000,—
 kr 100 000,— × 66% × 18 år = kr 39 600,—
 30

Totalt er anlegget kalkulert til 3,2 mill. kroner, og dette ser ut til å kunne holde ganske bra. En del ekstraarbeider har vi fått p.g.a. lekasjer midt i tunnelen. Tre felt må her isoleres

med etaform (totalt 330 m²).


I løpet av april vil trafikken bli satt på, og rv.44 vil da fra Hauge til Åna-Sira ha en fri høyde på 4,60 m.



Odd Rindhølen, Paul Rindhølen, Steinar Svaalestad og Einar Stølen med ryggen til, i arbeid med lading. (Foto: Ove Frøylog.)



Storlygaren



Jeg er litt usikker på om denne vitsen passer inn i «Storlygarstafetten», men det er den jeg kom på i farten, så jeg tar sjansen.

Den handler om vegvokteren som satt på ein stein og lo høyt for seg selv. Da kom en tilfeldig nabo forbi og spurte hva han lo av.

«Jau no skal du høyra det at eg sat her og fortalte meg sjøl ein god vits eg aldri hadde høyrte før!»

For de som synes at denne vitsen var i tørreste laget har jeg for sikkerhets skyld tatt med en gåte å bryne seg på.

Hvorfor kjøpte president Nasser av Egypt TV til cupfinalen mellom Hauge og Fredrikstad?

Den blir vel enkel for folk ved Hauge-sund vegstasjon, men la gå. Stafett-pinnen må videre og da er det på tide at Berger Sørheim slipper til.

Hilsen Alv Moi

Takk

for blomster fra vegsjefen, driftsjefen, Løken og de andre fra vegkontoret.

Takk til arbeiderene i distrikt 4 og arbeidskamerater på Bærheim for gaven og den hyggelige tilstillingen den 28. februar, i forbindelse med min fratredelse.

Ansgar Trodahl

800 m gang- og sykkelveg til 4,5 mill

Tryggare for mjuke trafikantar på Helleland

Tekst og foto: Harald Sel



Mellom 2 og 5 av vegvesnet sine folk arbeidde med gang- og sykkelvegen på Helleland. Her ser me 4 av dei, frå v.: Bernt Mong, Oddvar Ollestad, Ashbjørn Oddane jr. og Normann Hellenen.

Arbeidet med anlegg av gang- og sykkelveg langs E18 frå Helleland til Strømstad (Helleland skule) blei sett i gang i oktober 1985. Anlegget vil vera ferdig hausten 1986, forhåpentlegvis til skulestart. Den nye gang- og sykkelvegen er ca. 800 meter lang og vil kosta ca. 4,5 mill. kroner. Når vegen blir så dyr kjem det seg av mykje sprengingsarbeid og store fyllingar i elva på grunn av svært dårlege grunnforhold. Dessutan blir det, samtidig med g.-s. veganlegget, utført ein del utbedringsarbeid på sjølve E18 og det er sprengt ut areal til ein planlagt vektstasjon for biltilsynet.



Omlag 35 000 kbm. masse vil gå med ved utfylling i elva. Ca. 10 000 kbm. jord er med dette fortrengt.

35 000 kbm. masse

I samband med anlegget er det sprengt ut ca. 28 000 kbm. fyllmasse. Ein hadde rekna med at det ville vera eit behov på ca. 27 000 kbm. fyllmasse. Men på grunn av den dårlege grunnen i elva, vil det truleg gå med mellom 6- og 8 000 kbm. i tillegg.

I vatnet der utfyllinga har foregått, hadde ein rekna med å måtte fortrenge 10 000 kbm. jordmasser. Arbeidet med denne fortrenginga blei i det alt vesentlege utført i vinter. Ved dette arbeidet blei det brukt 2 tomms jernrør, som blei pressa ned til fast grunn. Røyra blei plassert med 2 meters mellomrom. I kvart rør blei det brukt 3 til 10 kg sprengstoff. Til dette arbeidet gjekk det i alt med 900 meter rør og 1 500 kg sprengstoff. Resultatet av jordfortrengingsarbeidet blei svært godt.

Utrasings-fare

Dei dårlege grunnforholda i elva førte med seg ein viss fare for utrasing av E18 under anleggsperioden. For å vera førebudd i tilfelle rasing, var det til ei kvar tid lagra ca. 3 000 kbm. stein. Det skulle visa seg at ein fekk god bruk for denne reserven. På ein bestemt plass var utsiginga så stor at det måtte kjørast ut stein samanhengande i 25 timar, og det gjekk her med ca 2 000 kbm. masse.

Elles oppstod det ein del sprekker i vegbanen under arbeidet, men ikkje meir enn det ein hadde venta, og det var aldri fare for større utrasingar.



Dei vanskelege grunnforholda i elva har gjort at ein heile tida må vera på vakt mot utrasing av vegbanen. Ein del sprekker har det blitt, men ikkje meir enn det ein hadde venta.

Nytt fra maskinavdelingen

Tekst og foto: Johannes Bø

Knuseverk

Knuseverket i Vadla har i den senere tid hatt endel driftstans p.g.a. uhell med den ene knuseren (grovknuser). Det har bl.a. vært brudd på hovedaksel og havari av svinghjul. I tillegg har vi hatt endel vansker med forkiling o.l. som følge av de store steinforekomstene i råmassen.

Vi har derfor funnet det nødvendig å skifte ut grovknuser og mater med nytt og kraftigere utstyr. Den nye knuseren, som er av Svedala fabrikk, har en inntaksåpning på 1 050 x 800 mm mot tidligere 750 x 500 mm. Dette medfører at vi kan redusere forknusingen av store stein med hydr. hammer i grustakene med anslagsvis 50%. Vi har også utvidet matersiloen slik at vi nå kan tippe lass fra bil og henger uten venting, noe som gir oss bedre utnyttelsesmuligheter av kjøretøyene.

Ombyggingen har medført en god del ekstra arbeid med fundamentering, rekkverk og tilpassning av utstyret. Her har våre lokale verkstedsarbeidere og verkets egne folk gjort en god jobb og nærmest stått på både dag og natt for at driftstansen skulle bli minst mulig. Disse har bl.a. sammen med et lokalt sveisefirma, sveiset inn ca. 10 tonn stål, inkludert forlengelse av matersilo. Når allikevel den oppsatte tidsramme ikke holdt skyldes dette i hovedsak feil fra hovedleverandør med tegninger o.l.



Her ser man John Vårvik inne i kontrollrommet på verket.

De endringer som er gjort vil gi oss en sikrere drift av verket og mot rasjonell utnyttelse av transport og opplastingsutstyret. I tillegg vil de som har sitt daglige arbeid på plassen få en vesentlig bedre arbeidssituasjon m.h.t. kontroll og styring av selve knusingen.

En bør vel også i denne forbindelse nevne at en av distriktets største produsenter av grus, nå er i ferd med å etablere seg på nabolomtten vår i Vadla. Vi kjenner dermed bokstavelig talt pusten i nakken fra private firma som ønsker å overta vegvesenets virksomhet. Erfaringer fra tidligere

tilsier imidlertid at vi på sikt kan måtte betale dyrt hvis så skulle skje.

Asfalt og oljegrusutlegger

Våre to utleggere vil bli skiftet ut dette og neste år. Til i år er bestilt en ABG Titan 355, levert med variomatisc screed med trinnløs breddeutvidelse for arbeidsområde 2,5—4,5 m. Videre har den trinnløs uavhengige justerbare vibratorer og stampekniver i hele arbeidsbredden. Maskinen har også hydrostatisk fremdrift istedet for tidligere kjededrift. Noe som har store fordeler ved leggingen og vedlikeholdsmessig.

Valg av maskin ble bl.a. gjort utfra krav til

- driftssikkerhet
- soliditet
- førervennlighet (hytte, stol og lavt støynivå)
- servicevennlighet

hvor denne maskin utpekte seg spesielt godt. Vi kan dessuten referere til meget gode erfaringer fra andre fylker, samt en av distriktets største entreprenører.

Maskinen som leveres i uke 16, skal gå i sør-fylket og erstatter en meget velbrukt og slitt Blowknox utlegger. Fører og arbeidslag på vegdekkeseksjonen vil nok hilse fornyelsen med glede og nyte godt av dette på flere områder.




Verkstedsarbeiderne som virkelig har stått på både dag og natt for å få alt til å fungere, fra v.: G. Erfjord, K. Sandvik, Jørgensen og O. Berge.

Rygjavegen presenterer:

Samferdselsstyret i Rogaland

—4—

Av Tormod E. Nag



Olaf Aurdal
Alder: 46 år
Hjemsted: Egersund
Yrke: Politibetjent
Parti: Høyre

Olaf Aurdal kom med i samferdselsstyret i 1980. Han er dermed inne i sin andre 4-års periode.

— **Hvorfor stilte du opp til en ny periode?**

— Jeg ble med fordi jeg mener at samferdselsspørsmål er av spesiell avgjørende viktighet for all næringsvirksomhet, både for nåværende og fremtidige aktiviteter, og for bosettingsmønster.

— **Har du spesielle interessefelt innen samferdselspolitikken?**

— Egentlig ikke. I det jeg anser hele spekteret av samferdselsspørsmål som like viktige, må alt derfor sees i sammenheng.

Mitt yrke gjør nok likevel at jeg har et spesielt «godt øye» til trafikksikkerhetstiltak.

— **Du har vel også din eller dine saker som du «brenner» for?**

— Ja, at omkjøringsveien i Egersund, rv.44, må realiseres i vår tid. De første planene forelå for 20 år siden.

— **Når begynte du med politisk arbeid, og hvilke verv har du i dag?**

— Jeg kom inn i Egersund kommunestyre i 1976, og er nå inne i min

3. periode. For tiden er jeg også varaordfører i kommunen.

Utenom samferdselsstyret og fylkestinget, er jeg formann i styringsgruppen for «Transportplan for Ryfylke».

— **Hvorfor ofrer du tid og krefter på politisk arbeid?**

— Jeg har alltid vært samfunnsinteressert og engasjerte meg i politikk fordi jeg mente at samfunnsutviklingen ikke alltid gikk i den retning jeg ønsket.


Etter mitt syn burde forøvrig flere rote seg bort i politikk, det nytter lite å sitte på gjerdet og klage uten å gjøre noe selv.

— **Fritidsproblemer?**

— Fint lite. Jeg har oppdaget anordningen til kulemage, så nå blir eventuell fritid benyttet til hobbyosjon.

— **Skulle mosjonen gi resultater skal vi komme tilbake til dette, men til slutt Aurdal, hvordan er det å være politiker?**

— En politikers hverdag er utfordrende men slitsom. I 1984 deltok jeg i over 300 møter, de fleste på fritida. Da behøvdtes en ektemake utenom det vanlige, og det har jeg.



Per Haram
Alder: 42 år
Hjemsted: Stavanger
Yrke: Teknisk sjef
Parti: Fremskrittspartiet

Da Per Haram er ny i samferdselsstyret spurte vi om hans oppfatning av arbeidet så langt. Haram sier at

det har vært en hel del nye ting for ham, men at det har vært både interessant og lærerikt.

— **Vi vet at du er ansatt i et rederi. Er det båttransporten som er din hjertesak?**

— Det er riktig at mitt sivile yrke er innen sjøtransport, og at jeg naturlig nok er spesielt opptatt med dette feltet innen samferdselspolitikken.

Etter mitt syn har øyfolket i Rogaland en alt for dårlig forbindelse med by-sentra. Videre burde hurtigbåtene blitt lagt opp slik at både arbeidsaktive og skoleungdom kunne bo på hjem-plassen og ha sitt virke i byen. For å kunne oppnå en tilfredsstillende løsning, må en imidlertid satse på mindre fartøyer og direkte ruter, altså kortest mulig veg mellom øyene og byene. Jamfør med flytrafikken som går med flere avganger pr. dag og mindre fly.

— **Hva med fremtiden, vil fjordene fortsatt være en viktig transportåre mellom by og land?**

— Jeg er meget opptatt av å skape et mest mulig ferjefritt fylke. Bilferjer er det dårligste transportmiddelet vi har for passasjerene. Det er utelukkende beregnet på personer som kjører bil. Bruk av bilferjer i kombinasjon med bussruter er vanskelige og uhyre tungvint. Bilferjer er derfor i følge mitt syn bare midlertidige løsninger.

I stedet for bilferjer må det bygges bru og tunneler. Slike løsninger kan synes dyre i planleggingsperioden, men i lengden er det utvilsomt det mest lønnsomme for samfunnet. Tenk bare på all den tid som sløses bort i ferjekøer, samt driftskostnader av ferjene som bare øker.

— **Vi nevnte tidligere at dette er din første periode i fylkespolitikken. Har du vært politisk aktiv før denne tid?**


— Jeg var ikke mer enn 15—16 år gammel da jeg begynte med politisk arbeid. Siden har jeg sett mer og mer at dette er den beste måten å påvirke styringen av samfunnet på.

— **Du er medlem av samferdselsstyret og fylkestinget, har du andre politiske verv?**

— I fylkessammenheng er jeg også medlem av Fylkes trafikksikkerhetsutvalg og Tannhelsestyret. Videre er jeg varamann i energiutvalget. Som lokalpolitiker er jeg med i Stavanger bystyre og teknisk styre, videre er jeg varamann i havnestyret og bygningsrådet.

— **Tid til hobbyer?**

— Å ja, jeg spiller litt tennis, og så må jeg ha meg noen seilturer på fjorden.



*Håkon Helgøy
Alder: 38 år
Heimstad: Helgøy i Hjelmeland
Yrke: Gardbrukar
Parti: Kristeleg Folkeparti*

Håkon Helgøy er inne i sin første periode i fylkespolitikken. Som busett på ei lita øy i Ryfylke er det kanskje ikkje så rart at han er oppteken med samferdselsspørsmål.

— **Korleis har du til denne tid opplevd arbeidet i samferdselsstyret?**

— Det har vore ei interessant tid. Vi har ofte konkrete saker der samferdselsstyret har avgjerande makt. Dessutan har samferdselsspørsmål som oftast brei interesse både i distrikta og i sentrale strom.

— **Har du spesielle interessefelt innan samferdselspolitikken?**

— Eg er interessert i distriktpolitikk — og her spelar vegar og ruteopplegg ei avgjerande rolle.

— **Kva er god distriktpolitikk innan samferdsla og kva saker brenn du for?**

— Midlane går no for det meste til sentrale strom i fylket. Skal distrikta overleva og ha høve til å utvikla seg, er det heilt naudsynt med eit vegnett som i stor grad kan tilfredsstilla krav til akseltrykk m.m.

Når det gjelder spesielle saker så har eg ein del vegprosjekt i Ryfylke som er spesielt oppteken med.

Vegen til Ropeidhalvøya ser nå ut til å koma igong. Elles må ferjestøene på Nesvik og Hjelmeland nå verta bygde, og sjølv sagt må støa på Ombo verta med. Vidare til Ropeidhalvøya er ferjefri kryssing av Høgsfjorden, og andre Ryfylkefjordar noko som interesserar meg mykje.

— **Kor lenge har du vore politisk aktiv?**

Bedrifts-intern attføring

Arbeidstreningsverksted etablert

Av Johan Lund

Vegvesenets tidligere verksted i Køhlersvei i Hillevåg, senere hobbyverksted for de tilsatte, er nå klargjort som arbeidstreningsverksted. Oppussing av lokalene er skjedd i egen regi under forsete av vår snekker. Det er innredet spiserom og treningsrom for fysisk/ergonomisk trening utenom selve produksjonsrommet. All elektrisk belysning og oppvarming er ny. Rommene er malt i lyse farger. Lokalene skulle gi brukbare forhold fram til nye lokaler blir ordnet i tilknytning til verksteddriften på vegsentralen på Bærheim.

Som arbeidende formann på verkstedet er tilsatt Jan Undset, som skulle kjenne lokalene godt både fra hans tid på verkstedet og fra hobbylokalene. Virksomheten på treningsverkstedet vil til å begynne med omfatte treprodukter, såvel reparasjon som nyproduksjon. Attføringsutvalget har listet opp følgende mulige produkter:

- kasser for motorsag med plass til sag, bensinkanne og verneutstyr
- brøytestikk med nødvendige farger
- stikningspluggar og lekter
- sperremateriell og krakker
- oppslagstavler for vegstasjoner, veggarasjer og hvilebrakker
- bord og benker til rasteplasser
- fotskamler til kontorbruk
- levegger etter bestilling

— Det heile starta med at eg vart vald inn i Hjelmeland kommunestyre i 1976.

— **Kva politiske verv har du i tillegg til samferdselsstyret?**

— Eg er med i fylkestinget, og varaordfører i Hjelmeland kommune.

— **Kvifor er du politisk aktiv?**

— Alle har samfunnsansvar. For meg er det viktig å få vera med på å byggja eit samfunn som er tufta på dei kristne verdiane — og at dette må takast vare på i framtida.

— **Har du hobbyar eller andre gjere-mål i fritida?**

— Ja, i den grad tida strekk til er eg med ein del i N.L. Misjonssamband sitt ungdoms- og leiararbeid.

— **Korleis er kontakten med vegvesenet?**

— Kontakten med administrasjonen er god, men eg ønskjer meg ofte meir tid for kontakt med dei som arbeidar på vegane.

Driftsutvalget (DU) har ikke hatt noe å bemerke til produktutvalget, bortsett fra at vi ikke bør produsere stikningsmaterieell som etter tidligere inngått avtale leveres fra vernede bedrifter. Ellers må vel generelt gjelde at vi må være forsiktige med å overta arbeid som idag er passende avlastnings- eller utfyllingsarbeid rundt om på vegstasjoner og veggarasjer. Attføringsutvalget og driftsutvalget må her vurdere fordeler og ulemper for staten som helhet ved en sentral håndtering og treningsverkstedet i forhold til spredt virksomhet.

Utplukking av kandidater til treningsverkstedet skjer av attføringsutvalget i samarbeid med vedkommendes foresatte. Ordningen er basert på frivillighet. Den daglige virksomhet på treningsverkstedet er underlagt vegkontorets helse- og vernekontor (vernelederen). Driftsutvalget har ansvaret for produktutvalget og for at produktene blir omsatt og brukt i vegvesenet. DU har også ansvar for de økonomiske sider ved etablering av treningsverksteder, såsom bygging/innleie av lokaler.

Vi er åpne for å etablere treningsverksteder andre steder i fylket i samsvar med intensjonene i den mønsteravtale vi har inngått med arbeidsformidlingen. Men vi ønsker en godt styrt vekst og starter derfor i det små på dette ene sted for å vinne erfaring.

Til slutt minner vi om den anledning alle tilsatte har til å melde fra om problem de måtte ha i arbeidssituasjonen. Kontakt kan tas med foresatte, tillitsvalgte, medlemmer av attføringsutvalget eller verne- og helsekontoret. Alle opplysninger fra den enkelte er underlagt taushetsplikt og blir behandlet deretter.

— Arbeid i skog og mark låg vel hjarta nærare enn vegarbeid

— Men vegvesenet har vore ein god arbeidsplass

Tekst og foto: Kenneth Vikse



Leiv Kvæstad ved avkøyringa fra E76 til den «nye» vegen til Fjon i Sveio. Våg-Sunfør blei hans siste anlegg. No vert det tid til litt gardsdrift att.

Første gong Leiv Kvæstad var å finna innan vegvesenet sine rekker er så langt tilbake som i 1946. Krigen var nett slutt, og utbetringar av veg- og kommunikasjonsnettet var eit viktig emne.

— Den gong var det berre ein tilfeldig jobb for meg. Dei trengte folk og eg arbeid. Det blei berre ein kort periode på Liarvåg-Stang anlegget, deretter fann eg meg anna arbeid.

Når han 30. april slutta av i tenesta si for Statens vegvesen hadde han likevel mange år med vegarbeid å sjå attende på. For det blei meir arbeid i den orange kjeledressen. Først som sesongarbeider, og så dei siste 15 åra som fast tilsett.

Likevel har han hatt tid til å drive med litt av kvart anna og, medan han jobba i vegvesenet. Under krigen dreiv han med skoghogst. Og nettopp arbeid i skog og mark låg vel eigentleg hjarta nærare enn vegarbeid.

Født i Suldal i 1920 og van som han var, med gardslivet. Noko han forresten framleis er.

— Ja, eg voks opp i Suldal, så gardslivet var ikkje noko ukjent for meg. I den tida byrja ein å jobbe så snart ein var konfirmert. For oss som budde litt inn i landet, blei det difor ofte gardsdrift.

Nokon ville kanskje ha litt skulegong med på vegen, eg t.d. valde det som låg meg nærast. Tveit jordbruksskule. Der gjekk eg i tida

mellom 1939 og 1941, medan eg utdanna meg som agronom. Så byrja havet eller nærare sagt det ein fann nedi, å lokka på Leiv Kvæstad. Sildefiske blei det neste.

— For ein kar oppvaksen i Suldal, var det litt av ei oppleving. Eg hadde omtrent ikkje sett havet skikkeleg før.

Likevel treivst han godt med livet ombord i ei sildeskute, sjølv om det ofte kunne være hardt på sjøen om vinteren. Ganske mange vintre blei det og forresten, heilt frå 1946 og fram til 1959. Om sommaren blei det god tid til gardsdrift og litt av kvart anna og.

I 1959 gjekk det mot slutten når det gjaldt silda, og Kvæstad fann ut

at tida til å finna på noko nytt var komen. No blei sterkare band knytta med vegvesenet. Arbeid på vegane innover i Tysvær om vinteren, og ein blanding av gardsdrift og litt husbygging om sommaren.

— Vel, å seia husbygging er no vel å ta litt godt i. Det var nemleg i den tida då det ikkje var så dyrt å setja opp ei hytte på landet. Difor var det eit godt marked for hyttebygging. Dessutan passa det godt inn med arbeidet på garden. Gardsdrifta gjekk eigentleg berre ut på det at jorda ikkje skulle bli liggjande brakk.

— Men før å venda tilbake til arbeidet ditt i vegvesenet. For ein mann som første gong var innom vegvesenet i 1946 må du vel ha sett store endringar opp gjennom åra.

— Det er klart at endringane har vore store. Særleg viss ein ser på heile perioden mellom 1946 og fram til eg byrgja å jobba fast i 1971.

I 1946 fantes det t.d. ingen maskinar. Alt arbeidet blei utført med berre nevene. Det var mykje handboring, og sprengjing blei gjort på den gamle måten, «brennå».

I 1971 hadde ein fått mange maskinar som t.d. traktorgravarar. Dessutan var jo krava til vegstandard blitt mykje høgare.

Frå 1971 og fram til i dag ser han derimot få endringar.

—Arbeidsmåtene er dei same, sjølv om maskinane stadig blir større og betre. Der ligg og den største skilnaden. Dessutan brukte ein framleis mykje handbor i 1971, medan ein i dag har fått større maskinar til å utføra dette arbeidet og.

Kvæstad meiner at maskinane har skapt ein heilt ny type vegarbeidarar.

— Dei som jobbar på anlegga i dag blir stadig flinkare til å bruke dei maskinane dei har. Det er den yngre generasjon som har tatt over meir og meir. Dei lærer seg å bruke maskinane med ein gong dei byrjar i etaten, og det gjer at det etterkvart har vokse fram veldig mange gode maskinkøyrare. på ein måte kan du seia at dei har vokse opp med maskinane.

— Korleis er tilhøva mellom eldre og unge på anlegga?

— Det beste. I allefall på dei anlegga eg har vore med. Me lærer av kvarandre. Eg trur at dei eldre ofte føler at dei har eit slags ansvar for dei

Våg-Sunfør mot fullføring

Tekst: Kenneth Vikse

Den 27. september 1984 blei ein etterlengta vegparsell mellom Sunfør i Tysvær og Fjon i Sveio opna. Med andre ord ein vegparsell over fylkesgrensa Rogaland-Hordaland.

Det stod likevel att viktige arbeider. Nemleg 1,3 km veg frå E76 ved Våg og opp til bedehuset på Sunfør. Den gamle vegen her var i ein sørgjelig forfatning, og måtte utbetrast. No går dette arbeidet mot slutten og ein reknar med at den nye vegen vil stå ferdig til juni månad. Oppsynsmann, Jacob Høyland kan fortelja at det som no står att er grusing, legging av dekke og oppsetjing av rekkverk.

Kostnadene på arbeidet, som ein byrja på i august i fjor, vil totalt koma på 6 mill. kr. Av desse pengane går 4,7 mill. kr til anlegget Våg-Sunfør, medan dei resterande 1,3 mill. kr blir brukt til utbetringar på E76 ved Våg.

Frosten satte arbeidet ein god del tilbake, men ein vonar likevel å vera ferdig til den fastsette datoen i juni.

Det siste arbeidet ein kunne gjera ferdig medan det enno var frost i bakken blei gjort allerede før 24. februar. Frå den tid og fram til tela slapp taken, var det berre småting som kunne utførast.

I tillegg til at ein no er i ferd med å gjera ferdig anlegget Våg-Sunfør, driv ein altså og med utbetringar på E76 ved Våg. Når arbeidet er ferdig vil dette gje eit betre samband mellom Rogaland og Hordaland. Særleg vil dette gjelda når ein tenkjer seg ein framtidig kyststamveg frå Stavanger over Rennesøy og Bokn.


